

Ark.nr. 432 33

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 70/83

FORSKRIFTER OM FISKE ETTER SILD I NOREGS ØKONOMISKE SONE SØR
FOR 62° N. BR.

Med heimel i §§ 1 og 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og
brislingfiskeriene jfr. kgl.res. av 17. januar 1969 og av
8. januar 1971 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering
av deltakelsen i fisket jfr. kgl.res. av 8. september 1972,
har Fiskeridepartementet 10. juni 1983 bestemt:

§ 1

I området utanfor fiskerigrensa i Noregs økonomiske sone mellom
62° n. br. og 57° 30' n. br. kan norske ringnotfarty frå 13. juni
1983 fiske inntil 5.000 tonn sild til menneskemat.

Fiskeridirektøren kan utvida virkeområdet for disse forskrifter.

§ 2

Fiskeridirektøren kan stogge fisket når totalkvoten i § 1 er
pårekna oppfiska.

§ 3

Ingen kan levera meir enn 1.500 hl pr. tur.

Noregs Sildesalslag kan innanfor turkvoten, nemnd i første ledd
fastsetje særskild turkvote for landing i Danmark.

Noregs Sildesalslag kan innanfor turkvoten nemnd i første ledd
fastsetje særskild turkvote med heimel i § 5 i lov av 14. desember
1951 om omsetning av råfisk.

§ 4

Konsesjonspliktige ringnotfarty som skal ta del i fisket, må
melde frå skriftleg til Fiskeridirektøren.

Fiskeridirektøren kan fastsetje frist for påmelding.

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommarlodde-
fisket i Barentshavet i 1983.

§ 5

Det er forbode å ta opp av sjøen, låssetje eller omsetje sild mindre enn 20 cm.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan kvar landing ha inntil 10 % i vekt av sild under 20 cm.

§ 6

Fiskeridirektøren kan gje nærare forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene, også reglar om prøvetaking og kontroll av fangstane.

§ 7

Forsettlege og aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter med heimel i § 11 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket og § 80 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene.

§ 8

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.
